Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfôr

Oppskr. av: Andreas Røysland

(adresse): NEG.

Fylke: Vest-Agder.

Herad: Tveit.

Bygdelag.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Ola G. Fôreid, f. 1887 på Fôreid og bonde der.

I. A.

1. Det har aldri vore nokon regelbunden sanking av røtr i Tveit.

2. Dersom ein reinskar eit åkerstykke med mykje kveckerøtr i, kan ein ta vare på rotene, vaska dei og gi dei til kyrne. Sjølv hadde O. G. F. gjort slik; det var eit stykke nedpå myra som det var mykje kveke i. Dette var noko som vart gjort heilt tilfeldig.

3. Ukjent.

4. Bar dei heim.

5. Brukt med det same

6. Dei rekna det for ganske godt fôr.

B.

1-6. Ukjent at slikt fôr har vorte brukt i Tveit.

II. A og B.

Ukjent at tang og tare hev vorte brukt til fôr i Tveit.

16599

III.

Dersom poteriset var grönt og fint, bunta ein det saman med halm-bendlar, oppbevarte det, hakka det og brukte det i hakkelsen.

IV.

Ukjent at hestemökk er brukt til fôr i Treit.

V.

1. Det er ukjent at ein har kokt kumaten i Treit, men ein kunne slå varmt vatn over hakkelsen. Hakkelsen fekk dei i bötter.
2. Hakkels = hakka halm som ein skar opp med hakkmaskin. O.G.F. kjenner ikkje skjerkista, men han hugsar at far hans laga ein hakkmaskin. Den hadde ein kniv som skar på same måten som kniven i skjerkista, men den vart driven med eit hjul. O.G.F. trur at ~~ho fyr~~ den fylgde søster hans som vart gift i Hövåg.
3. Det vart slått noko varmt vatn på, dessutan litt mjöl – ruggrid og rug-kli.
4. O.G.F. hugsar at dei tok vare på rogne-bära, men hugsar ikkje kva det vart brukt til.
5. Det har ikkje vore brennerier og heller i drank å få i den tida O.G.F. kan hugsa.
6. På Lund og andre stader nær byen brukte dei mykje drav, men O.G.F. kjenner ikkje til at det vart brukt i Treit.

16599

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7. Dei kokte lau på einr- einerlau
og slo på hakkelsen.
Det var ikkje vanleg å koke lög på
grovt höy eller liknande.

VI.

Det har hendt ein sjelden gong at det
har vore sild å få kjöpt. Umkring
1920 var det så rikt sildefiske ved
Gjæsnes; dei kjöpte silda for 1 kr. hekto-
literen. Sjölv hadde O.G.F. kjöpt to lass,
salta silda i tönner og gav kvar ku
eit par sild på hakkelsen

16599

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING